



Kyrkjebladet

for
BYGLAND

Nr 4

Jola 2020

77. årgang



Konfirmanter på Lysmessa.

Frå venstre: Eskil Fjerdingsstad Vegusdal, Thomas Torsvik Bratteland, Ingrid Bue, Therese Lande og Anja Sordal Nomeland. Foto: Kjell Steinbru.

**Dette kan du
lese om i
Kyrkjebladet:**

Andakt	s. 2
Konfirmantkullet 2020-2021	s. 3
Kulturprisen til Britt Haugen	s. 4
Ny liturgi	s. 5
Brev frå Misjonsalliansen	s. 6
Smørbukk til jol	s. 7
Ljosmesse i Bygland kyrkje	s. 8
Og høyt i toppen den blanke stjerne.....	s. 9
Gudstenesteliste, ætt skal fylgja ættarrad, gudstenester i jola	s. 10
Ein kalender for ei betre framtid, fast informasjon	s. 11
Haustrfargar langs Byglandsfjorden	s. 12

Ei annleis jol, men budskapen er den same!

Tekst: Kjell Steinbru

«Den første jul i et fremmed land». Det er sikkert mange som tenker at denne strofa var det noko kjent med. Og dei som framleis går rundt joletreet på jolaftan kjem vel ikkje utanom salma denne strofa er henta frå. Strofa er nemleg frå salma «Du stjerne glitrende tre».

Det er ei fin salme som gjennom teksta gjer joletreet til noko meir enn pynt i stovene ved joletider. Joletreet har ein budskap! «Og høyt i toppen den blanke stjerne! Ja, den må skinne, for den skal minne oss om vår Gud».

Salmen er opphaveleg dansk, og var skriven av salmediktaren Johan Krohn og utgitt i 1866. I sin opphavelege danske versjon var joletreet sjølv sagt pynta med danske flagg. I vår tid ser vi nok meir på flagget som pynt. Men opp gjennom tidene har flagget har vore eit viktig symbol på fridomskampen i Noreg, både i samband med unionsoppløysinga i 1905 og under andre verdskrigen, da norske flagg var forbode.

Men attende til strofa «Den første jul i et fremmed land». Kva for eit land er det her tale om? Kan det vere Israel, eller Egypt, der dei måtte flykte til da kong Herodes ville drepa Jesusbarnet? Nei, her er det tenkt på vår jordklode, vår arme jord. Det er det som er «fremmed land».

Det vesle barn i Betlehem, han var ein konge stor, som kom frå høge himmelborg ned til vår arme jord.

I den såkalla Johannesprologen, som er innleiinga til Johannevangeliet og preiketekst på joledagen, står det følgjande: «Han var i verda, og verda vart til ved han, og verda kjende han ikkje. Han kom til sitt eige, og hans eigne tok ikkje imot han.»

Det som er kjerna i den

kristne jolebudskapen er at gjennom det som hende i jula, kjem Gud nær oss menneske. Veldig nær.

På Jesu si tid var det nok mange som kjende det litt sånn som kong David skriv i ei av salmane i Det gamle testamente (Salme 22,2-3): «Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg? Kvifor er du så langt borte når eg treng hjelp og skrik ut mi naud? Min Gud, eg ropar om dagen, men du svarar ikkje, og ropar om natta og finn ikkje ro.»

Det første både Johannes døyparen og Jesus starta opp sitt virke med var å rope ut dette: «Vend om, for himmelriket er kome nær!» Og da Jesus skulle sende ut apostlane fekk dei bod om dette: «Gå og forkynn: «Himmelriket er kome nær!»

Og Paulus utdyper dette i den mektige talen han heldt på Areopagos i Aten: «Han er då ikkje langt borte frå ein einaste ein av oss. For i han er det vi lever og rører oss og er til».

Kva er målet med alt dette? Jo, alt er samanfatta i den samtalen Jesus og Nikodemus hadde midt i mørke natta: «For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.»

Herren Gud elsker sitt folk med ein evig kjærleik. I engelens budskap på Betlehemsmarka seier engelen dette til gjetarane: «Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket.» Kven er «folket»? Jo, det er vi! Vi er det nye Guds folk. Med Jesus vart alle grenser for budskapen oppheva. No skal budskapen forkynnast både i Jerusalem og heile Judea, i Samaria og heilt til enden av jorda.» Ein universell budskap.

Da engelen hadde bore fram sin budskap kom det ein stor

himmelhær som lova Gud og song: «Ære vere Gud i det høyeste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!» Denne englesongen er blitt ein fast del av kyrkja si gudstenesteordning.

Og når ein høyrer jolemusikk blir dette, oftast i korsong, ofte sunge på latin: Gloria in Excelsis Deo!

I joleevangeliet dveler vi ved det som hende da Jesus vart fødd. Men vi må ikkje stanse der. Det er noko meir. I stallen går startskotet. Men det heiter i ein amerikansk jolesong: «Frå krubba til krossen gjekk vegen for deg, slik opna du porten til himlen for meg».

Det var Jesus si vandring her på jorda, frå krubba til krossen. Deretter vart han henta attende og sit no ved høgre handa åt Gud.

Denne vandringa jesus gjorde, kan også bli ein del av våre liv. Eg nemnde at gjennom det som hende i jula, kjem Gud nær oss menneske. Veldig nær.

Paulus forklarar dette i Galaterbrevet 2: «Ved lova døydde eg bort frå lova, så eg kan leva for Gud. Eg er krossfest med Kristus; eg lever ikkje lenger sjølv, men Kristus lever i meg.»

Til slutt vil eg hente fram Hans Nielsen Hauge sitt vers som avsluttar Brorsons salme «Mitt hjerte alltid vanker»: «Kom, la min sjel dog finne sin rette frydestund, at du er født her inne, i hjertets dype grunn!»

Så vil eg til slutt ønskje alle ei velsigna jol. Vi vil få ei jol som er noko annleis enn det vi er vande med. Men om tidene skifter, står Guds ord fast til evig tid.

Og ta med dykk eit godt Paulus-ord inn i joletida (2. Timoteusbrev1,7): «For Gud gav oss ikkje ei ånd som gjer motlaus; vi fekk Anden som gjev kraft, kjærleik og visdom.»

Konfirmantkullet

2020 – 2021

Tekst og foto: Kjell Steinbru



Frå venstre: Ida Helen Langhelle Åsen, Annbjørg Haugen, Ingrid Bue, Therese Lande, Anja Sordal Nomeland, Caroline Nilsen, Pernille Larsson Olsen, Oskar Rokoengen Kjetså, Jon Vegard Sundt Kolbu, Eskil Fjerdingsstad Vegusdal og Thomas Torsvik Bratteland.

Ein flott gjeng med engasjerte konfirmantar. Men dessverre er også konfirmantopplegget blitt noko innskrenka på grunn av den pågåande pandemien. Så både Kick-off i august og leiren i oktober vart avlyst. Men undervisninga på Vonheim bedehus er i god gjenge! Den 18. oktober hadde vi gudsteneste med presentasjon av konfirmantane. Da fekk dei den «arbeidsboka» som me nyttar i undervisninga: Konfirmantbibelen. Det er ein komplett bibel med ein undervisningsdel og ein bibelnøkkel alt innanfor dei same permene.

Kulturprisen til Britt Haugen

Tekst: Svein Kleivane • Foto: Anne Fauske



På siste diakonikvelden i haust fekk Britt Haugen tildelt Bygland kommune sin kulturpris for 2020. Høgst fortent.

Ordførar Sigbjørn Fossdal i fullt kommunalt ornat overrekte prisen, og las opp ei treffande begrunning frå nemda.

Britt kom hit som sjukepleiar på Landeskoogen tidleg i 70-åra. Ho



vaks opp på Kongsberg. Far hennar var sentral i leiinga av pinseforsamlinga, og det var naturleg for henne å høyre til der.

I Bygland var - og er - det inga pinseforsamling. Britt, som andre med same bakgrunn, fann sin plass i det kyrkje- og bedehusliv som var på staden.

Ho var, og er framleis ei viktig brikke her. Og langt utover det. Britt kan både syngje og spele - mest piano og orgel. Og det har ho gjort i alle år langt utover krinsen. Tallause er dei samlingar der Britt deltek med orgel- eller pianospel.

Ho gifta seg etterkvart med Salve Haugen som arbeidde i ligningsvesenet. Han var og sauebonde, og her fekk Britt - byjenta frå Kongsberg - prøve seg som bondekone og ei hjelpande hand. I sær i lamminga.

Dei fekk 3 born, Irene, Marit og Per Olav. Salve døydde i 2018.

Etterkvart fekk Britt sin lengste arbeidsdag som sjukepleiar på Byglandsheimen. Der vart til ho vart pensjonist.

Men kulturprisen fekk ho først og framst for sitt mangeårige bidrag til kulturlivet i form av song og musikk. I lange periodar som organist i kyrkjene våre. Den einaste oppgåva med ei viss økonomisk godtgjering. Men utallige er dei samankomer der Britt spela og framleis spelar til allsong og som tonefylgje til lokale og gjestande songarar. Gratis. Kyrkje og bedehus rundtom, Byglandsheimen, KVS Bygland, gymsalen, Byglandsfjord barnekor, for å nemne nokre.

I rundt 35 år har Britt vore pianist for Vonheimkoret. Saman med Gunnveig Viki har ho nok æra for at koret framleis er i sving. Og med enkelte tungnemme og lite note-kyndige medlemmer - underskrevne er ein av dei - vert det å repetere. Om att og om att. År etter år. For eit tålmod!

Til lukke med Bygland sin kulturpris, Britt! Mange er det som set pris på deg. Fleire enn du veit sjølv!



Ny liturgi

Tekst: Kjell Steinbru • Foto: Marja-Leena Steinbru

Bygland og Årdal kyrkjelyd har etter Kyrkjemøtet sitt pålegg justert si gudstenesteordning etter ein ny mal. I 2012 kom det ein stor revisjon av liturgien. Det som no kjem er berre ei justering av denne.

Etter at soknepresten hadde

gått gjennom denne nye justerte liturgien i soknerådet, kom rådet fram til semje om den ordninga som vi no truleg vil ha i mange år framover.

Nokon endringar vert det. Den saka som det var mest diskusjon omkring var kva for ein versjon

av Fadervår vi skal ha. Det var semje om at formuleringa «Lat oss ikkje koma i freisting var mykje betre enn den gamle «lei oss ikkje inn i freisting». Samstundes er det ikkje så lett å seie farvel til eit Fadervår som er godt innarbeidd frå da den førre versjonen kom rundt 1980. Fram til no har Årdal sokn hatt den nye versjonen, mens Bygland sokn hadde den gamle. No er sokna slått saman, og ein måtte eines om ein versjon for heile soknet. Og soknerådet landa på den nye versjonen som tek til med «Vår Far i himmelen».

Ei anna endring er at det vil kome eit hallelujaomkvede i samband med evangelielesinga. Det er nokså kort, og skulle vere greitt å lære seg.

Ein ting som i den nye ordninga vil kome mykje tydelegare fram er ei syndstilgjeving som blir tydeleg sagt. I den gamle ordninga var denne underforstått. No skal presten i samband med syndsvedkjeninga lese frå Salme 103 i Det gamle testamente: «Så høg som himmelen er over jorda, så veldig er hans miskunn over dei som fryktar han. Så langt som aust er frå vest, tek han syndene våre bort frå oss.»

Det vil også kome ei lokalt utforma bøn som forbøn i gudstena.

Dette er mindre endringar som vil bidra til å gjere gudstena meir eins rundt om i kyrkjelydane i Noreg. Men framleis er det fleire valmogelegheiter enn det vi var vande med frå den liturgien vi hadde frå 1980 til 2012.

Den nye ordninga skal takast i bruk frå 1. søndag i advent 2020.



Utdelingen av 4 og 6 års bok på familiegudsteneste i 2017.

Brev frå Misjonsalliansen

Vi har fått ein rapport frå arbeidet som Misjonsalliansen driv i Kambodsja. Dette er vårt Misjonsprosjekt. Heile rapporten ligg på Facebooksida og heimesida til Kyrkjelyden. Her er eit lite utdrag:



Kjære kyrkjelyd!

2020 har vore eit krevjande år for Misjonsalliansen sitt arbeid i Kambodsja. Alle våre utsendingar vart kalla heim på grunn av Covid-19. Vi er likevel utruleg takknemlege for at våre samarbeidspartnarar har arbeidd hardt for å sørge for at arbeidet i så liten grad som mogeleg blir påverka av pandemien

I tillegg har vi hatt stor fokus på å hjelpe menneske påverka av pandemien. I oktober kunne endeleg våre utsendingar reise attende til Kambodsja. Dei held no fram med å følgje opp arbeidet saman med våre samarbeidspartnarar. Det er helt avgjerande at vi også gjennom ein pandemi kan halde fram med arbeidet med utvikling

av lokalsamfunn.

Nokre prosjekt har ikkje hatt høve til å drive vanleg arbeid. Dei har derfor hjelpt til med å spreie informasjon om Covid-19 og gjeitt ut hygieneutstyr til menneske som ikkje har mogelegheit til å skaffe seg dette sjølv. Misjonsalliansen har delt ut handsprit til mange landsbyar, helsesentre og kommunale kontor. Vi har og delt ut fleire hundre munnbind, drikkevattn og såpe.

Å dele informasjon har vore viktig i denne tiden og Misjonsalliansen har delt ut fleire plakatar med informasjon til skuler.


Sjølv om skulene er stengt får nokre lærarar dra ut til landsbyane og undervise elevar i små grupper, og det er her dei har de brukt plakatanne. Vi er utruleg takknemlege for forbøn og økonomisk støtte som de gjev til arbeidet. Det har vore eit spesielt år, med ekstra stort behov for støtte.

Ved å støtte arbeidet i Kambodsja så støtter kyrkjelyden prosjekt innanfor område som utdanning, born og unge, arbeid og inntekt, reint vatn og klima.






— Ha ha ha! Smørbukk slår seg på knea og ler, for der gjekk ho Bjørg over ende ute i tunet. Det er eit makelaust hælkeføre det vart til jul i år. Mildver og regn har gjort den frosne snøen om til reine stålisen, så ein kan gjera rundkast og slå seg blå både her og der.



Men der kjem mor og ropar at Smørbukk må gå på butikken for henne. Ho må ha meir egg til julebaksten. — Men egga lyt du vera varsam med, Smørbukk, og få dei godt innpakka, så glatt som det er no. — Ja då, mumlar Smørbukk til svar. Han hentar skeisene sine og tek dei på seg.




Når vegen ser ut som ein skeisebane, får ein også bruka reiskap som høver på dette føret, meiner han. Snart fer han av stad med lange seige fråspark og armene på ryggen. Med dei nye lengdelauparane gjer han ikkje vegen lang bort gjennom bygda til butikken.



Ryggsekk eller veske har han ikkje med, så då han skal heim att, lyt han bera posen med egga i handa. Då gjeld det å ha situasjonen under kontroll, som det heiter, så han ikkje dett. Han går roleg og framoverbøyd i eit slag Johnny Nilsson-stil, utan å slengja med posen.



Men når han går så bøyd, ser han heller ikkje langt bort-etter vegen. Og der kjem han Ola Oppigard med eit juletre han har vore og hogge i skogen. På det glatte føret går han også og ser nedfor seg. Ingen av dei veit ordet av før dei tørnar i hop, og Smørbukk har god fart.



Då dei sansar seg att, ligg Smørbukk og kavar inne mellom baret på juletreet. Og Ola sit og tørkar eggere or fjeset, for det var der egga hamna då posen glapp or handa hans Smørbukk. — Hælkeføre og julesjau går ikkje godt i hop, murrar Ola. — Vi får vera glade at ingen braut bein!

Ljosmesse i Bygland kyrkje


Tekst og foto: Kjell Steinbru



1. søndag i advent var konfirmantane med på ljosmesse i Bygland kyrkje. Konfirmantane var aktivt med under heile messa. Det vart lite tid til øving i forkant, så her måtte vi berre kaste oss uti det. Og det tok konfirmantane på strak arm. I ljosmessa las vi tekster frå det gamle testamente som peiker fram imot Jesus, dei såkalla profetiane. Så hadde vi eit skodespel der budskapen var at vi aldri må miste håpet. Ljosprosesjon høyrer med, og mens vi song «La oss vandre i lyset» gjekk konfirmantane rundt i kyrkja og var med det eit vitnemål om at vi må vere ljøs for kvarandre. Ei ljosmesse skal også peike på Jesus som sa desse mektige orda: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.»



– og høyt i toppen den blanke stjerne



Det er ikke mange dagene til du ser juletreet pyntet hjemme i stua. Kanskje våkner du opp julaften morgen og finner treet pyntet. Eller kanskje du får være med å pynte selv?

Det finnes forskjellige måter å ordne dette på. Nå skal du i alle fall få være med på å pynte dette juletreet. Men før du gjør det, må du lese det som står her. For nesten alt det vi henger på treet betyr noe spesielt. Det er ikke alle voksne som vet det, så da får du fortelle dem det.

Vi begynner øverst med

STJERNA minner oss om Betlehemsstjerna som ledet vismennene til barnet i krybben.

GLITTER henger vi som oftest nedover fra stjerna mot golvet. Stjerna lyser fra himmelen ned på jord.

LYS minner oss om at Jesus er verdens lys.

ENGLER får oss til å tenke på englene som sang på markene utenfor Betlehem: «Ære være Gud i det høyeste.»

KURVER Jesus metter 5000 mennesker i ørkenen og det ble 12 kurver igjen.

LENKER Alle menneskene hører sammen. Det er ikke forskjell. Gud har skapt alle. Lenkene bør lages i hvit, sort, gult og brunt glanspapir.

FLAGG Det har vært vanlig å pynte med det norske flagget, men vi burde nok ta med flere lands flagg. Vi hører sammen med alle.

HJERTER betyr kjærlighet. Kjærlighet til Gud og til andre mennesker.

JULETREFOTEN var tidligere korsformet. Den skulle minne oss om Jesus som døde på et kors. Nå brukes mer moderne «juletreføtter», og korsformen brukes ikke så mye lenger.

DET GRØNNE TRE Vi bruker gran eller furu til juletre. Disse trærne er eviggrønne. Jesus kalte seg selv det grønne tre. Luk. 23.31.

Så kan du sette i gang å pynte juletreet!

*Me ønskjer alle
ei God Jul!*



Kom til Guds hus!

VELKOMEN TIL GUDS HUS, KYRKJA DI!

Facebook:

www.facebook.com/Byglandskyrkjene/

Heimesida: www.kirken.bygland.no

24. desember. Jolaftan.

Bygland kyrkje

Jol på kyrkjebakken kl.15.00

Preiketekst: Lukas 2,1-20: «I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by».

Takkoffer: Kirkens Nødhjelp

1. januar. Nyårsdag/Jesu namnedag.

Bygland kyrkje kl. 11:00.

Gudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketekst: Matteus 1,20b-21: «du skal gje han namnet Jesus, for han skal frelsa folket sitt frå syndene deira.»

Takkoffer: Lego Romania.

17. januar. 3. søndag i openberringstida.

Årdal kyrkje kl. 16:00.

Gudsteneste ved Kjell Steinbru.

Preiketekst: Johannes 4,4-26. «Jesus og den samaritanske kvinna».

Takkoffer: Israelsmisjonen

24. januar.

4. søndag i openberringstida.

Sandnes kyrkje, kl. 16:00.

Gudsteneste ved Kjell Steinbru.

Preiketekst: Johannes 9,1-7.35b-38.

«Mannen som var fødd blind».

Takkoffer: Misjonselskapet (NMS)

7. februar.

Kristi forklåringsdag.

Bygland kyrkje kl. 16:00.

Gudsteneste ved Kjell Steinbru.

Preiketekst: Markus 9,2-13: «Lær-esveinane får sjå Jesu herlegdom».

Takkoffer: Kristen Idrettskontakt, KRIK.

21. februar. 1. søndag i fastetida.

Årdal kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste ved Kjell Steinbru.

Preiketekst: Matteus 16,21-23: «Jesus talar om at han skal døy og stå opp att».

Takkoffer: Byglandsfjord barnekor.

28. februar. 2. søndag i fastetida.

Sandnes kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste ved Kjell Steinbru.

Preiketekst: Lukas 7,36-50: «Kvinna som fekk syndene sine tilgjevne».

Takkoffer: KRIK

7.mars. 3. søndag i fastetida.

Bygland kyrkje kl. 11:00.

Gudsteneste ved Kjell Steinbru.

Preiketekst: Markus 9,17-29: «Jesus lækjer ein gut med ei vond ånd». Årsfest.

Takkoffer: Misjonsprosjektet vårt ved Misjonsalliansen.

Gudstenester i jola

Grunna strengare smittereglar vert det vanskeleg å arrangere dei tradisjonelle jolegudstenestane i Bygland og Årdal kyrkje, blant anna fordi det er sett krav om to meters avstand i arrangement der det er song. Og ei jolegudsteneste utan song kan ein mest ikkje tenke seg.

Difor arrangerer me i år «Jol på kyrkjebakken» utanfor Bygland kyrkje, der sjølve gudstenesta startar kl.15.00.

Men før det ringer Svein Kleivane med kyrkjeklokkene, og via høgtalar vil orgeltonane frå organist Knut Olav Uppstad tona ut over bygda medan godtfolk samlast.

På kyrkjebakken (mot båret) syng me jolesalmar, kan hende vert det solosong, joleevangeliet og ei joleforteljing vert lest, og endå meir vakker jolemusikk strøyer ut til oss, medan ljofsaklar og jolelys omkransar kyrkjelyden som er samla. Ein annleis jolegudsteneste som heilt sikkert vil gå inn i minneboka hos alle som noko heilt spesielt.

Det vil bli høve til å gå innom kyrkja før kyrkjelyden tek på heimveg att.

Samstundes vert det ei sending frå Valle Radio med eit gudstenestleg preg ved sokneprest Kjell Steinbru for dei som ikkje kan koma til Bygland kyrkje. Denne kan ein få inn på FM-bandet i øvre del av Bygland på frekvensen 106,2 eller overalt på digitalradioen til Valle Radio som ein finn på <https://valleradio.com/>. Tidspunktet for sendinga er og kl. 15.00. Sendinga vert kunngjort på heimesida og Facebooksida til kyrkjelyden og Valle Radio. I denne sendinga vert det spelt jolemusikk med gode lokale krefter. Arna Berg frå Åseral og Knut Gakkestad frå Åraksbø les bibeltekster. Sendinga vert berre sendt direkte og er ikkje mogeleg å høyre seinare.

Det vert og ei lukka gudsteneste for bebuerane på Byglandsheimen jolaftan kl.11.00.

Jolegudstenesta jolaftan i Årdal kyrkje, må av plasshensyn i høve til strengare smittvernreglar, diverre utgå.

Det same gjeld jolegudsteneste i Sandnes kyrke Åraksbø 1.joledag.

Me vonar likevel at Jol på kyrkjebakken utanfor Bygland kyrkje jolaftan kan bli ei god erstatning for dette! NB! Ikkje verforbehold!

ÆTT SKAL FYLGJA ÆTTERRAD



Dåp

Sandnes kyrkje 27. september: Anny Haugland Skomedal.

Austad kyrkje 4. oktober:

Christian Heistad von Hafenbradl.

Sander Heistad von

Hafenbradl.

Døde

Gunnar Attestog, født

07.04.1928, død 06.09.2020

Ivar Dag Homme, født

16.05.1933, død 06.10.2020

Ein kalender for ei betre framtid

2020 er snart over. Dette har vore eit vanskeleg år for Kirkens Nødhjelp. I vår vart den sedvanlege Fasteaksjonen avlyst, og no er mange av dei tradisjonelle gudstenestene med takkoffer til Kirkens Nødhjelp også avlyst. Men det er framleis mogeleg å gje ei gåve til dette viktige arbeidet som dei driv rundt omkring i verda.

Dei som har Vipps kan enkelt gje ei gåve til nummer 2426. Ein kan også sende ein SMS med kodeord GAVE til 2426. Da gjer du automatisk 250 kroner til deira arbeid. Fleire mogelegheiter finns på deira nettside www.kirkensnodhjelp.no.

På denne nettsida kan ein også til dømes kjøpe seg ein kalender. Kirkens Nødhjelp sin kalender gjer deg god oversikt over 2021. Samstundes støtter du også Kirkens Nødhjelp sitt arbeid slik at dei kan hjelpe enda fleire menneske i året som kjem.

Ein kan starte året med denne vakre kalenderen der ein møter menneske som dei arbeider for rundt om i verda. Dei flotte bileta i kalenderen er teken av den prisbelønte fotografen Håvard Bjelland, på hans reiser til Kirkens Nødhjelp sine prosjekt.

Kalenderen inkluderer alle heilagdagane. Den er trykt på 100% resirkulert papir, er miljømerka og framstilt i Noreg.

Start året med ein ny kalender eller gje den bort i julegåve!



Kyrkjelydene i Bygland Tilsette og kontaktinformasjon

Bygland kyrkjekontor,
Sentrum 18
4745 Bygland
Bygland kommune:37 93 47 00

Heimeside: www.bygland.kyrkjelyd.no

Sokneprest Kjell Steinbru

Telefon:473 28 472
E-post:
kjell.steinbru@kirken.bygland.no

Kyrkjeverje Olav Nilsen

Telefon:982 99711
E-post: kbnilsen@hotmail.com

Bygland og Årdal sokneråd

Leiar: Marit Taksdal
Mobil: 414 02881
E-post: taksdal@agder.no

Nestleiar:

Guro Kvaale Skibsrud
Mobil: 913 26596
E-post: guro.kvaale.skibsrud@bygland.kommune.no

Tilsette

Organist

Britt Haugen472 33 165
Hans Jurgen Wiehe915 47 804
Knut Olav Uppstad (eige firma)
Mobil:400 41041
Mail: uppstad@gmail.com

Klokkar og kyrkjetenar, Sandnes

Knut Gakkestad948 80 383

Kyrkjetenar, Årdal

Tore Moseid.462 39056

Kyrkjetenar og klokkar, Bygland

Svein Kleivane977 74 321

Kyrkjetenar, Austad

Tore Moseid462 39 056

Klokkar, Austad

Svein Kleivane977 7 4321
Knut Gakkestad948 80 383

Reinholdarar

Tora Vegusdal (Årdal)975 07034
Marie Bue (Bygland)482 10 259
Magdalena Bloch
(Sandnes)912 56159
Therese Gautestad
(Austad)901 94676

Prostidiakon

Per Emanuelen977 19173
Mail: pe-em@online.no

Returadresse: Setesdalstrykk a.s
Kinovegen 16, 4735 Evje



*Haut langs Byglandsfjorden.
Foto: Jan-Vidar Mattingsdal.*